

HANDBALL**Jenter 14 år****Stranda - Hareid 19 - 2**

Mål, Stranda: Archana Nithiyaselvan (7), Elisabeth Teigen (7), Karoline Birkhol (2), Lena Gjørde (2), Cristel Nærø eitt mål.

Spjelkavik - Stranda 15 - 16

Mål, Stranda: Archana Nithiyaselvan (4), Lena Gjørde (3), Nina Nowotny (3), Elisabeth Teigen (3), Karoline Birkhol (2), Andrine Vongraven eitt mål.

Herd - Stranda 9 - 16

Mål, Stranda: Nina Nowotny (5), Lena Gjørde (4), Archana Nithiyaselvan (3), Andrine Vongraven (2), Karoline Birkhol og Emilie Lødøen eitt mål kvar.

Låge fartsresultat

I helga vart Hovedlandsrennet i alpint for landets 14-15-åringar ferdig. Dei tre alpinistane frå Stranda var mange sekund frå dobbeltvinnaren i fartsdisiplinane, Henrik Kristoffersen, Rælingen.

Kristoffersen vann super-g med tida 1.09.33. Deltakarane frå Stranda: 66. Kasper Koppang, 1.13.37, 82. Mathias Mork, 1.14.21, 89. Markus Forbord, 1.15.06.

Det var 106 startande i gute-klassa i begge fartsdisiplinane.

I utfor vann Kristoffersen med tida 1.29.85, 57. Kasper Koppang, 1.35.12, 76. Mathias Mork, 1.36.50, 91. Markus Forbord, 1.38.55.

To til NM del II

Anniken Hjelbakk Hole, Sunnlyven, og Knut Anders Hatlen, Stranda, skal i helga til Røros der Norgesmeisterskapen del II blir arrangert. Helga blir også avslutning på Norges Cupen. Laurdag går juniorane sprint, medan seniorklassane går tre og fem mil. Søndag er det duathlon, med avslutningsvis turrennet Johan Falkbergets Minneløp.

Skyting

Hornindal skyttarlag arrangerte ope stemne i feltskyting søndag. Trygve Aaland Tryggestad, Sunnlyven vart klassevinnar i Eldre rekrutt og Oddmund Fivelsad, Sunnlyven tok sigeren i V65. Andre Sunnlyven-skyttarar markerte seg også. Ivar Fivelstad vann klasse 2-5, Knut Jon Frøysa vart nummer åtte. I klasse V65 tok Rolf Matvik 2.-plassen, med Jarle Bjørkavåg på 3. plass. Ole Andreas Eide Ljøen vart nummer to i Eldre rekrutt-klassen, og Torstein Fivelstad nummer to i klasse Junior.

Vil rekruttere dommarar

Stranda Fotball arrangerer klubbdommarkurs like over påske. I samarbeid med Sunnmøre Fotballkrets skal Tor Ove Myrseth vere instruktør i det tre timar lange klubbdommarkurset tirsdag etter påske.



Knut Arild Maråk seier komiteen har sett seg som mål å få 1.000 startande i dei fire ulike arrangementa Frå fjell til fjord.

To gongar motbakke-NM

Kalenderen viser så vidt over midten av mars, men i Geiranger har førebuingane til det årlege Geiranger frå fjord til fjell starta for lengst. Deltakarar har no tre månader før arrangørklubbane ønskjer velkomen i turistbygda, i år til dobbelt motbakke-NM.

Av Maria Nerhus

Dei 21 kilometrane frå fjorden til toppen av Dalsnibba, nær 1.500 høgdemeters skilnad, kan 13. juni bli unnagjort ved å gå, jogge eller sykle.

For 15. gang blir Halvmaraton arrangert, og har i år status som norgesmeisterskap i motbakkeløp.

Start for dameklassene og menn junior er på Djupvasshytta, 1038 meter over havet, og deltakarane spring dei siste fem grusbelagte kilometrane opp til toppen.

– Dette er fordi NM skal kunne brukast som uttaking til EM i juli der løypa er mykje kortare enn 21 kilometer. Menn Senior og veteran, og alle dei som ikkje er med i NM startar ved fjorden som vanleg, opplyser Knut Arild Maråk.

Han legg til at tildelinga om NM-arrangementet frå Sentralstyret i Friidrettsforbundet, var mellom anna fordi NM-løypa skal vere meir lik dei internasjonale meisterskapa, som er meir lett-løpte enn tidlegare, til dels særskilte løyper. NM-deltakarane i år skal springe utan sekk.

Uoffisiell NM-tittel

Om ein vel å delta på sykkel, har Nibberittet i år fått status som den første norgesmeisterskapen i motbakkesykling, enn dog uoffisiell tittel.

– Dette er ein ny idé i Norge, men i lys av oppturen til populariteten søkte vi Norges Cycleforbund om å opprette NM, seier Knut Arild Maråk, som dei seinare åra har vore sterkt involvert i sportsarrangementet. Det er berre lov å bruke terrengsyklar i denne uoffisielle norgesmeisterskapen.

– Vi har vore i kontakt med Trollstiggrittet i Rauma, som har stilt seg positive til å arrangere tilsvarende uoffisielle NM i motbakkesykling neste år, fortel Maråk.

For mosjonistar

Dei yngste er heller ikkje utelatne på ei slik tilstelling, og Flydalsjuvet Miniton, på 4,2 kilo-

meter, med mål på Flydalsjuvet, vart i fjor fullført av over 70 unge joggjarar, med beste tid ned mot 18 minutt.

Det er også ulike distansar som inngår i Geirangermarsjen, som alle endar på Dalsnibba.

– Påmeldinga hittil er på over 370 personar, noko som er rundt 60 prosent høgare enn på same tid i fjor, då vi hadde 788 deltakarar, seier Maråk, som ventar på nok ein ny deltakarrekord, på 1.000 spreke startande i år.

Samarbeid

Dette etterkvart så tradisjonelle arrangementet er eit samarbeid mellom idrettslaga Eidsdal og Geiranger. Ei gruppe på seks personar utgjør hovedkomiteen, som etterkvart har rundt 100 medhjelparar for å få gjennomført Frå fjord til fjell.

Devold Geiranger Halvmaraton:

– Blir arrangert for 15. gong.
– I fjor starta 168 løparar.
– Løyperekorden har Hans Martin Gjedrem på 1.30.10 (2003) og Anita Håkenstad Evertsen 1.39.54 (2007)

Devold Nibberittet:

Både syklande og joggande deltakarar i Nibberittet og Geiranger Halvmaraton kan i år kjempe om NM-titlar undervegs mot toppen av Dalsnibba 13. juni.

– Arrangert første gang i 2000.
– I fjor vart det nye løyperekordar: Alf Roger Holme på 1.03.39, damer: Hanne Trønnes på 1.20.36.

– Det er tak på 350 startande, i det uoffisielle NM: ingen begrensingar

Tidlegare NM i motbakkeløp:

2005: Skåla Opp, Loen.
2006: Saudehornet Opp, Ørsta,
2007: Fanaråken Opp, Turtagrø.
2008: Storhesten Opp, Bygstad
2009: Devold Geiranger Halvmaraton
2010: Lønahorgi Opp, Voss.

Landsrenn for unge alpinistar

I morgon startar Landsfinalen i alpint for Norges 12-13-åringar, i Mo i Rana, i Skillevollen Alpinsenter. Frå Stranda vart fire gutar tatt ut til å representere Møre og Romsdal Skikrets.

Av Maria Nerhus

I morgon blir det trening i super-g-løypa der rennet blir avvikla fredag. Laurdag blir det storslålåm og søndag slålåm. Frå Stranda Alpin er Espen Engeset, Magnus Mork, Kristoffer Ryste og Ole Kristian Aarseth tatt ut i troppen til Møre og Romsdal

Skikrets, som til saman sender 15 jenter og gutar til Mo i Rana.

Junior-NM

Til helga blir det også arrangert Junior-NM i tekniske disiplinar, i Grong. Av ni ungdommar, derav seks jenter, er Eivind Græsdal ein av dei tre gutane frå Møre og

Romsdal som skal køyre mot resten av unge alpinistar frå Norge, Sverige, Danmark og Kroatia.